


Hemsedal, 21.10.2011

**Hei**

**Gode Fauskovener! Velkomen til julebord og ny vintersesong på Fausko Skysstasjon.**

Vår årlege tradisjon med julebordshelg blir i år fredag og laurdag 2 – 3 desember. Buffet med tradisjonell julemat. Som i fjor byr me på gjenoppleving av god musikk frå Fauskivalen. Og det måtte sjølvsagt bli plateaktuelle Arne Anderdal og bandet Godsruta. Her blir det entertaining og topp dansemusikk, norsk, svensk, irsk, blues, sving og rock`n roll!



**Nytt samarbeid Fausko Skysstasjon og Kjøkken Kroken**

Fausko Skysstasjon startar nytt samarbeid med Kjøkken Kroken restaurant frå 1. november. Saman ynskjer me å bli eit kraftsentrum for kulinariske og kulturelle opplevingar i Hemsedal. Sidan Fausko utviklar eit meir og meir allsidig arrangementstilbod, ynskjer eg sjølv å ha fokus på det arbeidsfeltet i kombinasjon med vertskapsrolla. Og så skal det bli ei vidareføring av Fausko sitt godt innarbeidde matkonsept på fem ulike matscener. Mat og servering blir ivaretatt av dyktige kokkar og personale frå Kjøkken Kroken.




**Spelemannstreff med konsert og dans laurdag 12 november**

Laurdag 12 november blir det stort spelemannstreff på Fausko. Då møtast Hallingdal Låtelag og Voss Spelemannslag, om lag 30 spelemenn til kurshelg. Laurdag kveld er det festkveld med middag, konsert og dans. Ei storhending som musikk og danseglade folk ikkje kan gå glipp av. Inngang kr 400. Tinging av bord til knut@fausko.no



**Konsert med Arne Anderdal og Godsruta laurdag 3 desember kl 18**

Konsert Arne Anderdal og Godsruta laurdag 3 des kl 18.00 Det blir flott konsert med musikk frå den nye plata til Arne Anderdal. Konserten blir i Drivstugu og er eit tilbod for alle interesse. Pris kr 100. Fri inngang for julebordgjester.



**Fauskivalen**

Takk til eit fantastisk publikum, til alle artistar og til alle andre som gjorde det mogeleg å gjennomføre årets Fauskival. Å arrangere festival i gråver er ei ny erfaring, men det skal meir til for å miste motet. Det blir arbeidd med nye idear for vidareutvikling av scenen og amfiet. Og ny festival blir det 31. august til 2 september 2012.



Velkomen til Fausko Skysstasjon

Mvh Stationshaldaren

Fausko SKYSSTASJON + facebook =

Klikk her for å oppdatere din profil på www.fausko.no
Om du ikkje ynskjer nyhetsbrev klikk her

---

**Fausko Skysstasjon**
N-3560 Hemsedal
tlf: 32 05 51 00, epost: post@fausko.no, web: http://www.fausko.no

facebook Heritage Hotels Collection of special hotels in Norway Håndplukket HANEN HEMSEDAL